



Arkivnr: 2015/2164-145

Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Erlend Hofstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		14.09.2016

### Retningslinjer for tilskotsordningane til fartøyvern

#### Samandrag

Fartøy utgjer ein viktig del av den norske kulturarven, og Hordaland er det fylket med flest freda og verneverdige fartøy i landet. Ei styrka satsing på fartøyvernet er heimla i *Premiss: kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Fylkestinget og Riksantikvaren har løyva midlar til ei ny tilskotsordning for drift av verna fartøy. Det vert difor lagt fram sak om retningslinene for denne tilskotsordninga. Større fartøy med status som freda eller verneverdig kan søke om midlar til å dekke utgifter som er ein føresetnad for eller ein konsekvens av at fartøya er i drift: naudsynt periodisk ettersyn, kontroll og service, reservedelar mm,. naudsynte kurs for mannskap og tiltak for å sikre at kunnskapen om drift av fartøyet vert teken vare på og ført vidare. Det vert også naudsynt med nokre justeringar av retningslinene for den eksisterande tilskotsordninga for fartøyvern.

#### Forslag til vedtak

Utvalet sluttar seg til retningslinene for tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy, samt justering av retningslinene for tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Retningslinjer for tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy
- 2 Retningslinjer for tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy
- 3 Tildelingsbrev fartøyvern 2016 frå Riksantikvaren

## Fylkesrådmannen, 23.08.2016

Fartøy utgjer ein viktig del av den norske kulturarven, og Hordaland er det fylket med flest freda og verneverdige fartøy i landet. Ei styrka satsing på fartøyvernet er heimla i *Premiss: kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Innsatsområde 17 har som mål at kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevingar og bruk skal løftast fram, og innsatsområde 18 har som mål at kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut skal gjevast særskild merksemd i planperioden. Fartøy er ein av desse kulturminnekategoriene, og vert omtala slik: «Hordaland er det fylket som har flest listeførte og freda fartøy i Noreg. Stort frivillig engasjement og profesjonelle fagmiljø gjer at Hordaland står sterkt rusta til å ta vare på dei flytande kulturminna. Særlege utfordringar er knytt til vilkåra for dei som forvaltar og driftar fartøya og rekrutteringa av barn og ungdom. Det er trong for fellestilltak som kan forenkla og samordne styresmaktene sin innsats i høve dei frivillige.» Med bakgrunn i desse punkta er det i handlingsprogram 2015-2018 til kulturplanen, under innsatsområde 17, ført opp som eit første prioritets tiltak å etablere støtteordning for drift av verna fartøy.

Som framheva i kulturplanen er fartøyvern eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Sikring og istandsetjing av freda og verneverdige fartøy vert støtta av ein eigen fylkeskommunal tilskotsordning, medfinansiert med 50 % av Riksantikvaren. Etter at fartøy vert istandsatt, er erfaringa at mange større fartøy slit med høge driftskostnader. For ytterlegare å støtte opp under fartøyvernet er det difor løyva midlar til ei ny tilskotsordning til drift av freda og verneverdige fartøy. I budsjettvedtaket for 2016, PS 95/15, prioriterte Fylkestinget å auke i tilskot til aktivitetsbaserte tiltak slik at den frivillige innsatsen blir ytterlegare stimulert. Eit av budsjetttiltaka for 2016 var: «Ny tilskotsordning, Drift av fartøy og teknisk –industrielle kulturminne vert oppretta med kr 500 000», «Eiga sak om retningslinjer for endra tilskotsordningar og nye tilskotsordningar vert lagt fram for Kultur og ressursutvalet.»

Den nye tilskotsordninga vert finansiert etter same modell som den etablerte tilskotsordninga for fartøyvern, der Riksantikvaren gir midlar frå statsbudsjettet i same storleik som det fylkeskommunen sjølv sett av. Riksantikvaren har i brev datert 24. februar 2016 tildelt kr 500 000 frå statsbudsjettet 2016 til den nye ordninga.

Denne saka gjeld retningslinjer for den nye tilskotsordninga, samt ei justering av retningslinjene for den eksisterande tilskotsordninga til sikring og istandsetjing.

Den nye tilskotsordninga må sjåast i samanheng med den eksisterande ordninga for sikring og istandsetjing av fartøy, og tanken er at dei skal utfylle kvarandre. Føremålet med den nye tilskotsordninga er å bidra til å fremje kystkulturen som del av vår kulturarv og identitet samt som kjelde for kunnskap, oppleving og verdiskaping, gjennom støtte til drift og forvaltning av større verna eller freda fartøy i Hordaland.

Når det gjeld kven som kan søkje, er det gjort ei avgrensing til større fartøy, definert i retningslinjene som over 100 bruttoregister tonn eller som tar minst 20 passasjerar. Dette er dels for å gjere ordninga meir spissa mot der trongen er størst. Større fartøy har òg gjennomgåande høgare driftsutgifter, samstundes som det særleg er desse som går med passasjerar og på det viset når ut til ålmenta i størst grad. Avgrensinga til fartøy som er freda eller fått status som verneverdige av Riksantikvaren er som for den eksisterande tilskotsordninga. Det er opna for at fartøy som ikkje høyrer heime i Hordaland, men som har størsteparten av seglingstida si her og slik kjem fylket til gode, kan få støtte.

Ordninga kan gi tilskot til å dekke utgifter som er ein føresetnad for eller ein konsekvens av at fartøya er i drift. Di meir eit fartøy vert brukt, di større vert slitasjen på skrog, rigg og maskineri. Fartøy er kompliserte, tekniske gjenstandar som treng årleg inspeksjon for å garantere dugleiken. Det følgjer vesentlege kostnader med tilsyn og godkjenning av Skipskontrollen (tilstand, redningsutstyr, elektriske anlegg, maskineri mv). I tillegg kan det å sikre ein høveleg liggjeplass for fartøyet vere ei stor økonomisk utfordring (hamneavgift, straum mv.). Tilskotsordninga skal difor kunne bidra til å dekke kostnadene til naudsynt periodisk ettersyn, kontroll og service, reservedelar til motor mm. Forutan slike utgifter direkte til fartøyet, er det òg aktuelt å dekkja utgifter knytt til mannskapet, som t.d. naudsynte kurs og tiltak for å sikre at kunnskapen om drift av fartøyet vert teken vare på og ført vidare til nye personar. Tilskotsordninga skal slik vere med å leggje til

rette for frivillig innsats. Slik kunnskap er både ein føresetnad for vidare drift, men òg ofte eit immaterielt kulturminne i seg sjølv.

For å skape eit tydeleg og logisk skilje mellom dei to tilskotsordningane for fartøyvern er det gjort nokre justeringar i retningslinene for den eksisterande ordninga. Namnet er endra frå «Tilskot til fartøyvern» til det meir spesifikke «Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy». Under punktet «Kva kan støttast» er følgjande punkt teke ut, fordi det vert dekkja av den nye ordninga: «Det kan gjevast tilskot til dekning av faktiske og naudsynte driftsutgifter knytt til vedlikehald (til dømes naudsynt forbruksmateriell, periodisk ettersyn/service av maskineri og teknisk utstyr, sertifisering, fysisk sikring/ivaretaking av fartøyet, mellom anna straumoppkopling ved kai)». Vidare er det under «Oppfølging, rapportering og kontroll» lagt til føresegnar om innsending av revidert årsrekneskap under visse føresetnader (jf. dagens retningsliner på <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/tilskot-til-fartoyvern/>).